



Innst. 74 S

(2014–2015)

Innstilling til Stortinget frå transport- og kommunikasjonskomiteen

Dokument 8:6 S (2014–2015)

Innstilling frå transport- og kommunikasjonskomiteen om representantforslag fra stortingsrepresentantene Abid Q. Raja, Ola Elvestuen, Terje Breivik og Iselin Nybø om muligheten til å reservere parkeringsplasser til bildelingsordninger

Til Stortinget

Samandrag

I dokumentet vert følgjande forslag fremma:

«Stortinget ber regjeringa gi kommunene mulighet til å reservere parkeringsplasser til bildelingsordninger.»

Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Kjell-Idar Juvik, Ingvild Kjerkol, Sverre Myrli, Magne Rømmetveit og Eirin Sund, frå Høgre, Torill Eidsheim, leiaren Linda C. Hofstad Helleland, Nils Aage Jegstad og Helge Orten, frå Framstegspartiet, Ingebjørg Amanda Godskesen, Åse Michaelsen og Roy Steffensen, frå Kristeleg Folkeparti, Hans Fredrik Grøvan, frå Senterpartiet, Janne Sjelmo Nordås, og frå Venstre, Abid Q. Raja, viser til representantforslaget, Dokument 8:6 S (2014–2015) – «om muligheten til å reservere parkeringsplasser til bildelingsordninger», og til vedlagte fråsegn, datert 7. november 2014 frå Samferdselsdepartementet v/statsråden i saka.

Komiteen meiner det er viktig at kommunane får fleire virkemiddel for å sikra eit godt bymiljø. Komiteen viser til at bildelingsordningar kan vera med på å sikra eit godt bymiljø, og at ein kan nå målet om at all trafikkauke i byane skal skje med kollektivtrafikk, sykkel og gange. Komiteen viser til at Transportøkonomisk institutt har kome fram til at medlemmer av bildelingsordningar bruker bil omtrent ein tredel mindre enn dei som eig sin eigen bil, og at ein bil i eit bilkollektiv erstattar 5–15 privatbilar.

Komiteen er oppteken av at kommunane skal ha eit breitt spekter av verkemiddel for å ivareta klima, miljø og få bukt med lokal luftforureining.

Komiteen meiner at moglegheita til å reservera parkeringsplassar til bildelingsordningar er eitt av fleire verkemiddel kommunane treng for å sikra eit godt bymiljø.

Komiteen sluttar seg til intensjonane statsråden har i sitt svarbrev til komiteen der han skriv at parkeringsregelverket bl.a. skal

«[...] sikre kommunene nødvendig handlingsrom fremover til å bruke parkeringsregulering som virkemiddel for et bedre bymiljø.»

Komiteen fremjar på denne bakgrunn følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa gi kommunane moglegheit til å reservera parkeringsplassar til bildelingsordningar, og at det vert utarbeidd nye skilt for ei slik ordning i samband med revideringa av parkeringsregelverket.»

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Høgre, Framstegspartiet, Senterpartiet og Venstre, meiner det er viktig å sikra at ordninga kjem på plass, og at

det vert utarbeidd nødvendige skilt for ordninga. Fleirtalet har forståing for at parkeringsregelverket må reviderast ferdig før nye skilt blir utarbeidd, men meiner at det må vera eit mål at kommunane skal kunne reservera plassar for bildelingsordningar så snart som mogleg.

Et annet flertall i komiteen, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet og Kristelig Folkeparti, vil peke på viktigheten av at kommunene legger til rette for tilstrekkelig med parkeringsareal i byområder, for å gjøre hverdagen enklest mulig for næringsvirksomhet og andre som er avhengige av biltransport.

Komiteens medlem fra Kristelig Folkeparti ser at det kan legges til rette for parkeringsplasser for sykler og biler fra godkjente bildelingsordninger i forbindelse med nye boligprosjekter. Dette medlem viser til at bevaring og utvikling av levende og aktivt bymiljø krever at det er en god balanse i virkemidlene, hvor man ivaretar innbyggernes og næringslivets behov for parkering, samtidig som lokal luftforurensing tas på alvor. Dette medlem viser til at det i dag reserveres enkelte parkeringsplasser for nullutslippskjøretøy. Samtidig vil dette medlem peke på at bilen er et nødvendig transportmiddel også i et byområde, og at restriktive tiltak derfor alltid må balanseres mot befolkningens reelle og helt legitime behov for parkeringsplasser. Dette medlem er opptatt av at både barnefamilier og andre som kan ha reelle behov for bil, skal kunne bosette seg i bysentra. Dette medlem mener det er viktig å ha en tilnærming til parkeringsproblematikken hvor en også tar hensyn til ønsket om å ha et levende bymiljø med aktivitet og levende næringsliv. Dette medlem viser til at en restriktiv parkeringspolitikk som ikke samtidig tar hensyn til bybe-

folkningens og barnefamiliens reelle behov for bil, kan bidra til å gjøre byen mindre levende og mangfoldig.

Dette medlem viser til at ikke alle innbyggere, av praktiske årsaker, kan benytte seg av bildelingsordninger.

Dette medlem ser at det kan være riktig å legge til rette for parkeringsplasser for sykler og biler fra godkjente bildelingsordninger i forbindelse med helt nye boligprosjekter hvor en planlegger den totale parkeringsløsningen fra grunnen av.

Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen vert fremja av ein samla komité.

Komiteen viser til representantforslaget og merknadene og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak:

I

Stortinget ber regjeringa gi kommunane moglegheit til å reservera parkeringsplassar til bildelingsordningar, og at det vert utarbeidd nye skilt for ei slik ordning i samband med revideringa av parkeringsregelverket.

II

Dokument 8:6 S (2014–2015) – representantforslag fra stortingsrepresentantene Abid Q. Raja, Ola Elvestuen, Terje Breivik og Iselin Nybø om muligheten til å reservere parkeringsplasser til bildelingsordninger – vert å leggje ved protokollen.

Oslo, i transport- og kommunikasjonskomiteen, den 2. desember 2014

Linda C. Hofstad Helleland

leiar

Magne Rommetveit

ordførar

Vedlegg**Brev frå Samferdselsdepartementet v/statsråden til transport- og kommunikasjonskomiteen, datert 7. november 2015****Dokument 8:6 S (2014-2015) - Representantforslag fra stortingsrepresentantene Abid Q. Raja, Ola Elvestuen, Terje Breivik og Iselin Nybø om muligheten til å reservere parkeringsplasser til bildelingsordninger**

Jeg viser til representantforslag Dokument 8:6 (2014-2015) om muligheten til å reservere parkeringsplasser til bildelingsordninger.

Et særlig offentlig skilt for å reservere parkeringsplasser til bildelingsordninger finnes ikke i dag. Eventuell innføring av en slik ordning vil derfor, som nevnt i et tidligere svar på spørsmål til skriftlig besvarelse fra representanten Abid Q. Raja, kreve endring også i regelverket knyttet til skilting av parkeringsplasser.

Jeg viser til at det arbeides med et nytt, felles parkeringsregelverk som skal gjelde for både offentlig og privat parkeringsvirksomhet. Høringen av forslag til nytt regelverk ble avsluttet 1. september 2014, og departementet vurderer nå høringsuttalelsene. I denne delen av arbeidet er det svært viktig å sikre at regelverket blir robust for de formål det skal dekke, herunder å sikre kommunene nødvendig handlingsrom fremover til å bruke parkeringsregulering som virkemiddel for et bedre bymiljø.

Jeg vil derfor nå prioritere arbeidet med å få det nye regelverket på plass så raskt som mulig. I dette vil jeg også sikre at det ikke begrenser kommunenes handlingsrom fremover mht muligheten for å innføre reserverte plasser for bildelingsordninger. Et eventuelt forslag om nye skilt for en slik ordning bør dermed avvente ferdigstillelsen av det nye regelverket.

